



DET KONGELEGE
UTANRIKSDEPARTEMENT

Prop. 46 S

(2020–2021)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

Endringar i statsbudsjettet 2020 under Utanriksdepartementet

*Tilråding frå Utanriksdepartementet 20. november 2020,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Solberg)*

1 Samandrag

Under programområde 02 *Utanriksforvaltning* blir det gjort framlegg om å redusere løyvingane med 250,5 mill. kroner. Reduksjonen har m.a. samanheng med 73,5 mill. kroner i lågare utgifter til kontingentar for norsk medlemskap i internasjonale organisasjonar grunna endringar i ODA-andelen (kap. 116) og 160 mill. kroner i lågare utgifter under EØS-finansieringsordningane (kap. 117) i år. I tillegg er anslaget for inntekter under programområde 02 redusert med 120,4 mill. kroner m.a. fordi det er færre som søker om visum ved utanriksstasjonane som konsekvens av covid-19-pandemien.

Under programområde 03 *Internasjonal bistand* blir det gjort framlegg om å auke enkelte postar med til saman 1 317,2 mill. kroner og redusere andre postar med 717,2 mill. kroner. Budsjettforslaget aukar ramma med 600 mill. kroner til det internasjonale arbeidet for å slå ned pandemien og få i gang verdsøkonomien. Auken blir særleg foreslått til den globale koalisjonen ACT-A, jf. omtale under kap. 160 *Helse*, post 70 *Helse*. Nye overslag viser at ODA-godkjende flyktningsutgifter i Noreg blir 95,9 mill. kroner lågare enn tidlegare budsjettert. Ledige midlar blir i denne proposisjonen i hovudsak foreslått omdisponerte til helseiltak og sårbare grupper, for å arbeide mot dei sosio-økonomiske konsekvensane av pandemien.

2 Programområde 02 Utanriksforvaltning

Kap. 100 Utanriksdepartementet

Post 01 Driftsutgifter

Grunna covid-19-pandemien har Utanriksdepartementet hatt lågare utgifter til reiser og representasjon i år enn tidlegare budsjettert og løyvinga kan reduserast med 15 mill. kroner.

Det blir òg gjort framlegg om å redusere løyvinga med 8 mill. kroner mot ein tilsvarande auke under kap. 118 *Utanrikspolitiske satsingar*, post 21 *Spesielle driftsutgifter* i 2020. Flyttinga skal finansiere Utanriksdepartementets del av kostnadane for forprosjektet om ein ny grensekrollstasjon i Storskog, som skal dekkast over nordområdeløyvinga jf. omtale under kap. 118 *Utanrikspolitiske satsingar*, post 21 *Spesielle driftsutgifter*.

Samla blir det gjort framlegg om å redusere løyvinga med 23 mill. kroner.

Kap. 104 Kongefamiliens offisielle reiser til utlandet

Post 01 Driftsutgifter

Grunna covid-19-pandemien har fleire kongelege reiser og besøk til utlandet blitt utsette frå 2020 til 2021 og 2022.

Det blir gjort framlegg om å redusere løyvinga med 2 mill. kroner.

Kap. 116 Internasjonale organisasjonar

Post 70 Pliktige bidrag

To av dei pliktige bidraga til FN har fått auka ODA-andel, jf. omtale under kap. 151 *Fred, tryggleik og globalt samarbeid*, post 74 *Pliktige bidrag til FN-organisasjonar m.m.* ODA-andelen for FNs regulære bidrag har auka frå 18 til 47 pst., og ODA-andelen for FNs organisasjon for ernæring og landbruk (FAO) har auka frå 51 til 83 pst. I tillegg vart både den regulære løyvinga til FN og løyvinga til FN sine fredsbevarande operasjonar betydeleg lågare enn budsjettet. Bidraget til NATO aukar, og det er nokre endringar for dei andre kontingentane som først og fremst skuldast valutasvingingar. Til saman gir dette eit mindrebehov under kap. 116, post 70 på 73,5 mill. kroner i 2020.

Det blir gjort framlegg om å redusere løyvinga med 73,5 mill. kroner.

Kap. 117 EØS-finansieringsordningane

Post 77 EØS-finansieringsordninga 2014–2021, kan overførast

Post 78 Den norske finansieringsordninga 2014–2021, kan overførast

Nye prognosar frå sekretariatet for EØS-finansieringsordningane i Brussel, Financial Mechanism Office (FMO), viser lågare utbetalingar enn tidlegare budsjettet. Dette skuldast forseinking i implementeringa og oppstarten av program under finansieringsordningane gjennom året. Noko skuldast forseinking i forhandlingane med Ungarn, men covid-19 har òg forseinka og utsett arbeidet med mange prosjekt. Det ligg derfor an til mindre behov for midlar i 2020 enn planlagt.

Det blir gjort framlegg om å redusere løyvinga på post 77 *EØS-finansieringsordninga 2014–2021* med 30 mill. kroner og løyvinga på post 78 *Den norske finansieringsordninga 2014–2021* med 130 mill. kroner.

Kap. 118 Utanrikspolitiske satsingar

Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast, kan nyttast under post 70, 71, 72 og 73

Grunna eit større behov utover dei midlane som er tildelte til oppdragsavtalen NORSAR har med

Utanriksdepartementet, har NORSAR i 2020 fått 2,2 mill. kroner ekstra. Sidan NORSAR-avtalen blei flytta frå kap. 118 *Utanrikspolitiske satsingar*, post 72 *Nedrusting, ikkje-spreiing og kjernefysisk tryggleik m.m.* til kap. 118, post 21 *Spesielle driftsutgifter* i revidert nasjonalbudsjett 2020 blir det foreslått at auken blir dekt av ein reduksjon under post 72.

Posten blir og foreslått auka med 8 mill. kroner mot ein tilsvarande reduksjon under kap. 100 *Utanriksdepartementet*, post 01 *Driftsutgifter*. Auken skal dekke kostnadane for forprosjektet om ein ny grensekontrollstasjon i Storskog. Oppdraget vart gitt til Statsbygg i 2011 som ledd i dåverande nordområdestrategi. Statsbyggs prosjekt vil ikkje bli realisert, og dermed blir det heller ikkje inngått husleigekontrakt som skal dekke dei påkomne utgiftene. Statsbygg må da nedskrive kostnadene i sitt driftsrekneskap og Utanriksdepartementet må dekke sin andel av kostnadane for forprosjektet.

Samla blir det gjort framlegg om å auke løyvinga med 10,2 mill. kroner.

Post 72 Nedrusting, ikkje-spreiing og kjernefysisk tryggleik m.m., kan overførast, kan nyttast under post 21

Det blir gjort framlegg om å redusere løyvinga med 2,2 mill. kroner mot ein tilsvarande auke på kap. 118, post 21 *Spesielle driftsutgifter* for å dekke ekstra midlar til NORSAR i 2020.

Kap. 3100 Utanriksdepartementet

Post 01 Diverse gebyr ved utanriksstasjonane

Som følge av covid-19-pandemien har talet på søknader om pass ved utanriksstasjonane vore om lag 57 pst. av det som var venta volum i år. Gebyrinn-tekten er venta redusert omtrent tilsvarande.

Det blir gjort framlegg om å redusere løyvinga med 15,4 mill. kroner.

Post 02 Gebyr for utlendingssaker ved utanriksstasjonane

Grunna covid-19-pandemien er det ein nedgang på nesten 90 pst. i talet på visumsøknader samanlikna med 2019. Samtidig har det vore ein nedgang på 25 pst. i talet på opphaldssaker av same årsak. UDI anslo i oktober at nedgangen i visumsøknader fortset ut året, men at opphaldssaker vil vere på nivå med 2019 for dei tre siste månadane av året.

Det er framleis stor usikkerheit ved overslaga, primært for opphaldssaker. Dersom pandemien medfører at søknadssentera igjen må stengast vil talet på søknader bli redusert ytterlegare og inntektene reduserte tilsvarande. Fullmakta til å overskride løyvinga under kap. 100 *Utanriksdepartementet*, post 01 *Driftsutgifter* mot tilsvarande meirinntekter under kap. 3100, post 02 er ikkje foreslått vidareført i Prop. 1 S (2020–2021), men gjeld fortsatt for 2020. Covid-19-pandemien har synleggjort at det er lite samsvar mellom desse inntektene og utgiftene også i en normal-situasjon. UD foreslår derfor at fullmakta til å overskride løyvinga under kap. 100, post 01 mot tilsvarande meirinntekter under kap. 3100, post 02 også utgår for 2020.

Det blir gjort framlegg om å redusere løyvinga med 105 mill. kroner.

3 Programområde 03 Internasjonal bistand

Kap. 140 Utanriksdepartementet

Post 01 Driftsutgifter

Grunna covid-19-pandemien har Utanriksdepartementet hatt lågare utgifter til reiser og representasjon.

Det blir gjort framlegg om å redusere løyvinga med 30 mill. kroner.

Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast

Grunna covid-19-pandemien har Utanriksdepartementet og Norad hatt lågare utgifter til mellom anna konferansar og arrangement som blei avlyste eller utsette.

Det blir gjort framlegg om å redusere løyvinga med 34,1 mill. kroner.

Kap. 144 Norsk senter for utvekslingssamarbeid (Norec)

Post 70 Utvekslingsordningar, kan overførast

Norec ventar eit lågare forbruk på posten. Stengte landegrenser og restriksjonar for internasjonal reiseverksemnd som følgje av covid-19 har ført til sterk reduksjon i utveksling av personell.

Det blir gjort framlegg om å redusere løyvinga med 25 mill. kroner.

Kap. 150 Humanitær bistand

Post 70 Naudhjelp og humanitær bistand, kan overførast

Behov for assistanse og vern for menneske i naud-situasjonar er vedvarande høgt. Mange, store og langvarige kriser fører til at svært mange menneske er på flukt. I tillegg har den pågåande pandemien mange stader forverra ein allereie vanskeleg situasjon. Det blir difor foreslått å auke støtta. Aktuelle kanalar for finansiering vil vere Den Internasjonale Raude Kross-komiteen og FN.

Det blir gjort framlegg om å auke løyvinga med 3,3 mill. kroner.

Kap. 151 Fred, tryggleik og globalt samarbeid

Post 74 Pliktige bidrag til FN-organisasjonar m.m., kan overførast

To av dei pliktige bidraga til FN har fått auka ODA-andel, jf. omtale under kap. 116 *Internasjonale organisasjonar*, post 70 *Pliktige bidrag*. ODA-andelen for regulære bidrag til FN har auka frå 18 til 47 pst., og ODA-andelen for FN sin organisasjon for ernæring og landbruk (FAO) har auka frå 51 til 83 pst. Det er òg nokre endringar for dei andre kontingentane som først og fremst skuldast valutasvingingar.

Det blir gjort framlegg om å auke løyvinga med 47 mill. kroner.

Kap. 159 Regionløyvingar

Post 72 Afghanistan, kan overførast

Måltalet for norsk bistand til Afghanistan i perioden 2017–2020 er 700 mill. kroner per år. I 2020 har løyvingar til Afghanistan frå andre postar vore høgare enn antatt.

Det blir gjort framlegg om å redusere løyvinga med 10 mill. kroner.

Post 75 Afrika, kan overførast

Covid-19-pandemien har endra rammevilkåra for den bilaterale bistanden. På den eine sida har det oppstått store behov både innanfor helsesektoren og for tiltak som skal dempe dei sosioøkonomiske konsekvensane av pandemien. På den andre sida har pandemien og innførte restriksjonar gjort det svært utfordrande å gjennomføre prosjekt innanfor andre områder som ikkje direkte har følgjer for covid-19 eller dei sosioøkonomiske effektane

av pandemien, slik som nokre delar av institusjonssamarbeidet.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 35 mill. kroner. Auken skal nyttas til innsats i partnerlanda i Afrika sør for Sahara retta mot covid-19 og følgjene av pandemien med vekt på mattryggleik og sårbare grupper. Auken vil òg ivareta innsatsar i partnerlanda som blei omdisponerte som følgje av behov i første fase av krise.

Kap. 160 Helse

Post 70 Helse, kan overførast

Covid-19-pandemien har skapt ein sær sars alvorleg situasjon. Tala er dystre. Meir enn 52 millionar menneske er så langt registrert smitta av covid-19. 1,2 millionar menneske har mista livet. Millionar av born står utan tilbod om utdanning fordi skulane i fleire månadar har vore stengde. For fyrste gongen sidan 1990 aukar talet på menneske som må leve i ekstrem fattigdom. Dette har store konsekvensar for samfunn, både sosialt, økonomisk, politisk og i siste instans for tryggleiken vår. Også i Noreg blir mange hardt ramma.

Pandemien er eit globalt problem. Det einaste overordna globale instrumentet verda har, er koalisjonen for å slå ned pandemien: Access to Covid-19 Tools Accelerator (ACT-A). Noreg leiar, saman med Sør-Afrika, eit råd som skal leggje til rette for arbeidet i denne koalisjonen. Gjennom ACT-A jobbar statar, organisasjonar, private aktørar og sivilt samfunn saman for å nå eit mål om global og rettviss tilgang til vaksinar, diagnostisk utstyr og behandling mot covid-19. I tillegg bidrar koalisjonen til å styrke helsesystema for å kunne levere innsatsen. I løpet av åtte månader har ACT-A levert gode resultat takka ein stor innsats på tvers av sektorar og gjennom offentleg og privat samarbeid. Det er rekna ut at for å få kontroll på pandemien treng ACT-A til saman USD 38 mrd. Finansieringsgapet per i dag er litt over USD 28 mrd. Av dette er det naudsynt å mobilisere USD 4,5 mrd. i år for å sikre fortsatt framdrift.

Beløpa er store, men ikkje samanlikna med kva land tapar på pandemien og storleiken på tiltaka for å stimulere økonomien. Det internasjonale pengefondet, IMF, har rekna ut at verdsøkonomien samla i 2020 og 2021 vil tape USD 11 000 mrd., men fram til 2025 vil global inntening kunne auke med USD 9 000 mrd. om det blir investert i slike medisinske teknologiar. Det er til nå mobilisert totalt USD 12 000 mrd. i økonomiske tiltakspakkar i G20-landa. Det resterande behovet for

finansiering av ACT-A representerer mindre enn 0,25 pst. av dette.

Koalisjonen for å slå ned pandemien, ACT-A, arbeider for å mobilisere ressursar både innanfor og utanfor dei eksisterande budsjetta for bistand, noko som er naudsynt for å kunne slå ned pandemien. Også Noreg må gjere sitt. Det er avgjerande å styrke innsatsen både for å slå ned pandemien og for å opne opp att økonomien i kvart enkelt land. Innsatsen blir derfor rekna som ein del av dei økonomiske stimuluspakkane for å få fart på verdsøkonomien, i tillegg til å bidra til berekraftsmåla.

Regjeringa gjer derfor framlegg om å auke Noreg sitt tilskot til det internasjonale arbeidet for å slå ned pandemien med ei ekstraordinær løyving på 1 141,8 mill. kroner under denne posten. Midlane vil mellom anna gå til å støtte det arbeidet som ACT-A mobiliserer ressursar til.

COVAX er vaksinepilaren av ACT-A. Noreg deltek i COVAX-samarbeidet for utvikling, produksjon og kjøp av vaksinar mot covid-19. Regjeringa foreslår at Noreg sitt bidrag til vaksinar i utviklingsland blir auka med 64,1 mill. kroner, gjennom COVAX sitt vindaug for utviklingsland (COVAX AMC). Desse midlane vil bli godkjende som offisiell utviklingsbistand (ODA). 60,7 mill. kroner blir brukt til kjøp av opsjonar på 1,9 millionar vaksinedosar som kan nyttast i Noreg. Der som Noreg ikkje treng desse dosane, vil dei bli nytta til kjøp av vaksinar for bruk i utviklingsland.

I tillegg blir det gjort framlegg om å gje eit ekstra tilskot på 1 000 mill. kroner til covid-19-vaksinearbeidet gjennom Den internasjonale fasiliteten for vaksinefinansiering (IFFIm). Tilskotet vil bidra til rask utvikling av vaksinar, slik at dei òg kan bli fordelt til sårbare grupper i utviklingsland. Fasiliteten for vaksinefinansiering verkar slik at den kan mobilisere 1 000 mill. kroner med det same, men betale over ti år, dvs. perioden 2020–2029. Det blir derfor foreslått å løyve 100 mill. kroner i 2020. Det blir òg vist til framlegg om vedtak om tilsegnfullmakt under romartal II.

Det globale fondet for kamp mot aids, tuberkulose og malaria (GFATM) gjer òg eit viktig arbeid for legemiddel mot covid-19. Det er oppretta eit eige fond for å svare på covid-19-pandemien innanfor det Det globale fondet. Dette covid-19-fondet skal bøte på verknadene covid-19 har på dei tre sjukdommane og styrke helsesystema i fattige land. Covid-19-fondet til Det globale fondet er viktig i arbeidet til koalisjonen for å slå ned covid-19, ACT-A. Regjeringa foreslår 95,2 mill. kroner til arbeidet. Noreg sin avtale med Det globale fondet om tilskot for åra 2020–2022 oppnar for fleksibilitet

i dei årlege innbetalingane. Regjeringa foreslår òg å auke innbetalinga i år med 41,8 mill. kroner.

Regjeringa foreslår i tillegg å løyve 780 mill. kroner til arbeidet til koalisjonen for å slå ned covid-19, ACT-A. Støtta vil gå til tilgang til vaksinar, diagnostisk utstyr og behandling mot covid-19 samt å styrke helsesystema for å bidra til global og rettferdig tilgang på medisinsk innsats mot pandemien.

Det blir gjort framlegg om å til saman auke løyvinga med 1 141,8 mill. kroner.

Kap. 161 Utdanning, forskning og fagleg samarbeid

Post 70 Utdanning, kan overførast

Det blir gjort framlegg om å omdisponere 100 mill. kroner frå posten for å dekke inn auka utgifter til andre føremål relatert til covid-19.

Post 71 Forsking, kan overførast

Som følgje av covid-19-pandemien blir forskingsinnsatsen redusert.

Det blir gjort framlegg om å redusere løyvinga med 10 mill. kroner.

Post 72 Kunnskapsbanken og fagleg samarbeid, kan overførast

Det blir gjort framlegg om å nytte ledige midlar frå posten til anna innsats som følgje av covid-19. Det har vorte færre møter og reiser knytta til programma under Kunnskapsbanken grunna pandemien. Nokre tiltak har vorte utsette. Det er særleg fagleg samarbeid innan programma Olje for utvikling og Fisk for utvikling som har vorte ramma av covid-19.

Det blir gjort framlegg om å redusere løyvinga med 112,4 mill. kroner.

Kap. 162 Næringsutvikling, landbruk og fornybar energi

Post 70 Næringsutvikling og handel, kan overførast

Som følgje av covid-19-pandemien har det vore forseinka framdrift i nokre prosjekt.

Det blir gjort framlegg om å redusere løyvinga med 22,7 mill. kroner.

Post 72 Fornybar energi

Covid-19-pandemien har hatt store konsekvensar for energisektoren og framdrifta i nokre prosjekt

er forseinka. Det blir derfor foreslått å omdisponere midlar frå posten for å dekke inn auka utgifter til andre føremål relatert til covid-19. Satsinga på garantiar til investeringar i fornybar energi blir utsette som følgje av pandemien.

Det blir gjort framlegg om å redusere løyvinga med 130 mill. kroner.

Post 73 Det internasjonale finansieringsinstituttet (IFC), kan overførast

Det blir foreslått å auke løyvinga med 31 mill. kroner til Global Health Platform mot ein tilsvarande reduksjon under kap. 172 *Multilaterale finansinstitusjonar og gjeldslette*, post 72 *Strategisk samarbeid*. Dette er ei satsing på 4 mrd. USD frå IFC, med formål å kome i gang med produksjon av covid-19-vaksinar, testutstyr, medisinar og munnbind, lokalt i privat sektor i samarbeidsland. Dette vil føre til jobbskaping, samt teknisk bistand for betre helseomsorg.

Det blir gjort framlegg om å auke løyvinga med 31 mill. kroner.

Kap. 163 Klima, miljø og hav

Post 70 Miljø og klima, kan overførast

Det er innmeldt mindrebehov på grunn av forseinkingar i enkelte prosjekt i Asia grunna covid-19. Det blir foreslått å flytte midlar frå posten for å dekke inn auka utgifter til andre formål relatert til covid-19 under andre poster.

Det blir gjort framlegg om å redusere løyvinga med 22,5 mill. kroner.

Post 71 Berekraftige hav og tiltak mot marin forsøpling, kan overførast

Det er eit mindrebehov i 2020 på fleire av prosjekta på bistandsprogrammet for marin forsøpling fordi covid-19 har ført til forseinkingar. Det vert gjort framlegg om å omdisponere midlar frå posten for å dekke inn auka utgifter til andre formål relatert til covid-19.

Det blir gjort framlegg om å redusere løyvinga med 36,7 mill. kroner.

Kap. 164 Likestilling

Post 70 Likestilling, kan overførast

Covid-19-pandemien forsterkar allereie eksisterande diskriminering og marginalisering av kvinner og jenter. Utrekningar frå FN viser at pande-

mien kan bidra til 2 millionar fleire tilfelle av kjønnslemlesting og 13 millionar fleire barneekteskap enn anslaga fram mot 2030. Det blir derfor foreslått å auke støtta til arbeidet mot skadelege skikkar. Aktuelle kanalar for finansiering vil vere UNFPA og Unicefs globale fond mot barneekteskap, UNFPA og Unicefs globale fond mot kjønnslemlesting og UNFPAs program mot preferanse for søner. Auken vil òg bli nytta til UN Women sitt arbeid i Pakistan.

Det blir gjort framlegg om å auke løyvinga med 30,1 mill. kroner.

Post 73 Sårbare grupper, kan overførast

Regjeringa legg opp til å auke satsinga på personar med nedsett funksjonsevne i utviklingssamarbeidet. Det blir derfor foreslått ein auke på 27 mill. kroner som skal bidra til partnerskapet mellom Noreg og Unicef for barn og unge med nedsett funksjonsevne. Partnerskapet vil gjere det mogleg for Unicef å styrke ivaretakinga av omsynet til denne gruppa i heile organisasjonen sitt arbeid. Dette er særleg viktig innanfor dei tematiske områda sosiale sikkerheitsnett, vern av barn, vatn og sanitær, samt inkluderande utdanning. Jenter med nedsett funksjonsevne er ei viktig målgruppe. Å styrke innsatsen for dei mest sårbare barna er viktig for å møte utfordringane som skapt av den globale covid-19-pandemien og vil vere i tråd med prinsippet om at ingen skal utelatast.

For å bidra til kampen for å kvitte seg med moderne slaveri blir det foreslått ein auke på 2 mill. kroner til eit prosjekt i Malawi som skal betre tilhøva for arbeidarar i tobakkssektoren. Gjeldsslaveri og barnarbeid er utbreidd i landet, og det er eit stort behov for å gjere tilhøva betre. I kjølvatnet av covid-19 vil risikoen for barnarbeid truleg auke, m.a. som følge av skulestenging.

Det blir samla gjort framlegg om å auke løyvinga med 29 mill. kroner.

Kap. 171 FN's utviklingsarbeid

Post 72 Andre tilskot (FN), kan overførast

Det er ikkje behov for bidrag til Teknologibanken i år. Det er òg redusert behov for støtte til deltaking frå utviklingsland i sentrale prosesser, konferansar og arenaer. Det blir derfor samla gjort framlegg om å redusere løyvinga med 22,5 mill. kroner.

Kap. 172 Multilaterale finansinstitusjonar og gjeldslette

Post 70 Verdsbanken, kan overførast

Alle forpliktingar til kjernebidrag til Verdsbanken/IDA er dekt, og det blir foreslått å omdisponere resterande midlar frå posten for å dekke inn auka utgifter til andre formål, relatert til covid-19.

Det blir gjort framlegg om å redusere løyvinga med 4,3 mill. kroner.

Post 71 Regionale bankar og fond, kan overførast

Resultatet av forhandlingane om kapitalauke i Afrikabanken (AfDB) førte til lågare bidrag enn budsjettert. Innbetaling av kapital i Det inter-amerikanske investeringsselskapet (IIC/IDB) vart òg noko lågare enn venta. Alle forpliktingar for 2020 er no utbetalte og det blir foreslått å omdisponera midlar frå posten for å dekke inn auka utgifter til andre formål relatert til covid-19.

Det blir gjort framlegg om å redusere løyvinga med 30 mill. kroner.

Post 72 Strategisk samarbeid, kan overførast

Det er avsett midlar på posten til prosjekt som ikkje vil bli utbetalte i 2020 grunna covid-19-pandemien. Det blir derfor gjort framlegg om å redusere løyvinga med 31 mill. kroner mot ein tilsvarende auke under kap. 162 *Næringsutvikling, landbruk og fornybar energi*, post 73 *Det internasjonale finansieringsinstituttet (IFC)*, til Global Health Platform i Verdsbankgruppa.

Kap. 179 Flyktningtiltak i Noreg

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Nye utrekningar frå Justis- og beredskapsdepartementet (JD), Kunnskapsdepartementet (KD) og Barne- og familiedepartementet (BFD) tilseier lågare ODA-godkjende flyktningutgifter enn tidlegare budsjettert for 2020. Det blir i denne samanhengen vist til nærmare omtale i respektive departement sine budsjettproposisjonar.

Det blir gjort framlegg om å redusere løyvinga med 95,9 mill. kroner.

Andre saker

Handtering av ESAs bot til Telenor for brot på EØS-konkurransereglane

EFTA sitt overvakingssystem ESA kontrollerer at EØS-landa gjennomfører og følgjer EØS-avtalen

som gir tilgang til EUs indre marknad. ESA har i perioden 2012–2020 granska Telenor Norge AS og morselskapet Telenor ASA (Telenor) for brot på EØS-konkurransereglane, og konkludert med at Telenor har misbrukt si dominerande stilling og dermed brote EØS-avtalen artikkel 54. ESAs etterforskning visar at Telenor i perioden 2008–2012 hindra konkurrentar i å tilby mobile breibands-tenester til forbrukarar i Noreg og at under ein kritisk vekstfase for mobildata i Noreg var Telenor sine grossistprisar høgare enn utsalsprisane Telenor kunne tilby sine eigne sluttkundar. ESA ga derfor Telenor ei bot i juni 2020 på til saman 112 mill. euro, tilsvarande om lag 1,2 mrd. kroner. Telenor har betalt bota, men har anka saka inn til EFTA-domstolen. Tidspunktet for endeleg dom i saka er ikkje kjent.

Grunna den økonomiske situasjonen i Europa, og særleg problemstillinga med negative renter og andre risikofaktorar, kan ikkje ESA ha innbetalinga ståande på eigen konto mens ankesaka blir behandla. ESA har derfor bedt om at bota blir

betalt til Noreg, og at dersom bota fell frå, vil Noreg betale det same beløpet til ESA. Noregs del av bota er rekna til 99,5 mill. euro, og beløpet på om lag 1,086 mrd. kroner blei betalt til Utanriksdepartementet 30. september 2020. Dersom Telenor vinn anken, må Noreg betale tilbake heile, eller deler av, beløpet, avhengig av om Telenor får fullt eller delvis medhald. Dette inneber ein valutarisiko då bøter frå ESA er i euro.

I påvente av behandlinga av ankesaka og endeleg avklaring av bota, foreslår regjeringa ei fullmakt til postering mot mellomverande med statskassa, jf. framlegg om vedtak under romartal III.

Utanriksdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i statsbudsjettet 2020 under Utanriksdepartementet.

Vi **HARALD**, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bede om å gjere vedtak om endringar i statsbudsjettet 2020 under Utanriksdepartementet i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag til vedtak om endringar i statsbudsjettet 2020 under Utanriksdepartementet

I

I statsbudsjettet for 2020 blir det gjort følgjande endringar:

Utgifter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
100		Utanriksdepartementet	
	01	Driftsutgifter, vert redusert med frå kr 2 337 487 000 til kr 2 314 537 000	22 950 000
104		Kongefamiliens offisielle reiser til utlandet	
	01	Driftsutgifter, vert redusert med frå kr 10 140 000 til kr 8 140 000	2 000 000
116		Internasjonale organisasjonar	
	70	Pliktige bidrag, vert redusert med frå kr 1 497 132 000 til kr 1 423 632 000	73 500 000
117		EØS-finansieringsordningane	
	77	EØS-finansieringsordninga 2014–2021, <i>kan overførast</i> , vert redusert med frå kr 1 831 000 000 til kr 1 801 000 000	30 000 000
	78	Den norske finansieringsordninga 2014–2021, <i>kan overførast</i> , vert redusert med frå kr 1 526 000 000 til kr 1 396 000 000	130 000 000
118		Utanrikspolitiske satsingar	
	21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast, kan nyttast under post 70, 71, 72 og 73</i> , vert auka med frå kr 93 942 000 til kr 104 092 000	10 150 000
	72	Nedrusting, ikkje-spreiing og kjernefysisk tryggleik m.m., <i>kan overførast, kan nyttast under post 21</i> , vert redusert med frå kr 13 928 000 til kr 11 728 000	2 200 000
140		Utanriksdepartementet	
	01	Driftsutgifter, vert redusert med frå kr 1 639 123 000 til kr 1 609 123 000	30 000 000

Kap.	Post	Formål	Kroner
	21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overføres</i> , vert redusert med	34 103 000
		frå kr 156 020 000 til kr 121 917 000	
144		Norsk senter for utvekslingssamarbeid (Norec)	
	70	Uttekslingsordningar, <i>kan overføres</i> , vert redusert med	25 000 000
		frå kr 88 811 000 til kr 63 811 000	
150		Humanitær bistand	
	70	Naudhjelp og humanitær bistand, <i>kan overføres</i> , vert auka med	3 294 000
		frå kr 4 869 905 000 til kr 4 873 199 000	
151		Fred, tryggleik og globalt samarbeid	
	74	Pliktige bidrag til FN-organisasjonar m.m., <i>kan overføres</i> , vert auka med	47 000 000
		frå kr 304 690 000 til kr 351 690 000	
159		Regionløyvingar	
	72	Afghanistan, <i>kan overføres</i> , vert redusert med	10 000 000
		frå kr 550 000 000 til kr 540 000 000	
	75	Afrika, <i>kan overføres</i> , vert auka med	35 000 000
		frå kr 1 120 584 000 til kr 1 155 584 000	
160		Helse	
	70	Helse, <i>kan overføres</i> , vert auka med	1 141 788 000
		frå kr 4 151 759 000 til kr 5 293 547 000	
161		Utdanning, forskning og fagleg samarbeid	
	70	Utdanning, <i>kan overføres</i> , vert redusert med	100 000 000
		frå kr 2 405 150 000 til kr 2 305 150 000	
	71	Forskning, <i>kan overføres</i> , vert redusert med	10 000 000
		frå kr 181 846 000 til kr 171 846 000	
	72	Kunnskapsbanken og fagleg samarbeid, <i>kan overføres</i> , vert redusert med	112 390 000
		frå kr 688 714 000 til kr 576 324 000	
162		Næringsutvikling, landbruk og fornybar energi	
	70	Næringsutvikling og handel, <i>kan overføres</i> , vert redusert med	22 730 000
		frå kr 416 200 000 til kr 393 470 000	
	72	Fornybar energi, <i>kan overføres</i> , vert redusert med	130 000 000
		frå kr 702 000 000 til kr 572 000 000	
	73	Det internasjonale finansieringsinstituttet (IFC), <i>kan overføres</i> , vert auka med	31 000 000
		frå kr 130 000 000 til kr 161 000 000	

Kap.	Post	Formål	Kroner
163		Klima, miljø og hav	
	70	Miljø og klima, <i>kan overføres</i> , vert redusert med frå kr 1 392 542 000 til kr 1 370 042 000	22 500 000
	71	Berekraftige hav og tiltak mot marin forsøpling, <i>kan overføres</i> , vert redusert med frå kr 382 967 000 til kr 346 220 000	36 747 000
164		Likestilling	
	70	Likestilling, <i>kan overføres</i> , vert auka med frå kr 324 019 000 til kr 354 119 000	30 100 000
	73	Sårbare grupper, <i>kan overføres</i> , vert auka med frå kr 466 000 000 til kr 495 000 000	29 000 000
171		FNs utviklingsarbeid	
	72	Andre tilskot (FN), <i>kan overføres</i> , vert redusert med frå kr 167 700 000 til kr 145 200 000	22 500 000
172		Multilaterale finansinstitusjonar og gjeldslette	
	70	Verdsbanken, <i>kan overføres</i> , vert redusert med frå kr 1 188 000 000 til kr 1 183 703 000	4 297 000
	71	Regionale bankar og fond, <i>kan overføres</i> , vert redusert med frå kr 869 000 000 til kr 839 000 000	30 000 000
	72	Strategisk samarbeid, <i>kan overføres</i> , vert redusert med frå kr 247 000 000 til kr 216 000 000	31 000 000
179		Flyktingtiltak i Noreg	
	21	Spesielle driftsutgifter, vert redusert med frå kr 575 352 000 til kr 479 437 000	95 915 000

Inntekter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
3100		Utanriksdepartementet	
	01	Diverse gebyr ved utanriksstasjonane, vert redusert med frå kr 27 368 000 til kr 11 950 000	15 418 000
3100		Utanriksdepartementet	
	02	Gebyr for utlendingssakar ved utanriksstasjonane, vert redusert med frå kr 199 348 000 til kr 94 348 000	105 000 000

II

Tilsegningsfullmakt

Stortinget gjer samtykke om at Utanriksdepartementet i 2020 kan gje tilsegn om tilskot til International Finance Facility for Immunisation (IFFIm) med inntil 1 000 mill. kroner i perioden 2020–2029 under kap. 160 *Helse*, post 70 *Helse*, og fråvike Stortinget sitt vedtak av 8. november 1984 om utbetaling av tilskot før det er behov for å dekke dei aktuelle utgiftene og bruke tilskot som sikkerheit for lån.

III

Fullmakt til postering mot mellomverande med statskassen

Stortinget samtykker i at Utanriksdepartementet i 2020 kan postere a konto innbetaling frå ESA av Noregs andel av ESAs bot til Telenor på om lag 99,5 mill. euro mot mellomverande med statskassen. Når endeleg oppgjer er avklart, blir mellomverande gjort opp og inntektsført på kap. 5309 *Tilfeldige inntekter*, post 29 *Ymse*.

